

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE - 223	16/472

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2016	Kraftfondsstyret	PS	19.09.2016
	Kommunestyret	PS	

## Søknad om støtte gjennom kraftfondet - Sandneskafeen AS

### Vedlegg:

#### Journalposttittel

Søknad om tilskot frå kraftfondet til kafedrift kombinert med husflid

#### Dato

31.05.2016

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sandneskafeen v/ny drivar Berit Lygre får tilskot med inntil kr. 40.000 gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt som inneber vidareutvikling av tilbodet ved Sandnesskafen.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det vert søkt om tilskot gjennom kraftfondet med kr. 60.000,- til utbetring av lokale og innkjøp av inventar og utstyr til Sandneskafeén.

#### Høyring

Søkjær er invitert til å orientere nærare om prosjektet og planane overfor kraftfondstyret i møte den 19.sept.16., i samsvar med retningslinene til kraftfondet, §6c.

#### Fakta

Det er for 2016 løyvd/avsett kr. 80.000 til støtte til (nærings)prosjekt i kommunen i samsvar med vedtektene og retningslinene for kraftfondet jf kraftfondsbudsjettet 2016 (KS sak 80/15, den 28.10.2015).

Litt kring søknaden og kva prosjektet gjeld

Type verksemd

Kafedrift kombinert med husflid

Forretningsideen til foretaket/laget/foreininga

Sandneskafeen har som mål å skapa ein samlingsplass med særpreg og identitet der både bygdefolk og tilreisande kan kjøpa heimelaga mat, husflids- og handverksprodukt. Det vil også vera ulike kulturelle tilskipingar i lokalet.

Det er lagt opp til ei investering på ca. 200.000,-, og med følgjande finansiering;

Finansiering	
Namn på og finansiering av prosjektet	
Søknadsprosjekt	
Søknad om støtte til utbetring av lokale og innkjøp av møblar og utstyr	
Totale kostnader for prosjektet	201000
Finansieringsplan	
Eigenkapital	131000
Eige arbeid	10000
Lån i bank	0
Tilskott frå næringsfond	60000
Har prosjektet fått tilskott frå andre?	<input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei
Andre finansieringskjelder	
Ingen	
Sum finansieringsplan	201000

Kommunen har opp gjennom åra vore med å støtta fleire tiltak med kafe m.m. drift på Sandnes, dette prosjektet er ei vidareføring og utvikling.

Søknaden er i samsvar med vedtekter og retningsliner for kraftfondet, jf. § 2 og føremål med fondet og bruken av midlar, samt vedlegg og dokumentasjon som trengs.

Det er til hovudfordeling av frie midlar i kraftfondet 2016 med søknadsfrist 15.06.16 berre komme ein søknad.

### Vurdering

Søknaden frå Sandneskafeen er i tråd med vedtektene og retningslinene for kraftfondet. Tiltaket og tilbodet vil styrke lokalsamfunnet på Sandnes, og har eit potensial og forretningside som ein trur vil vere positivt for kommunen samla sett. Kommunen har vore inne med støtte ved tidlegare etableringa og drift, og i regi av noverande selskap. Drivar er ny. Fondet kan berre vere med på finansiering av tiltak som inneber investering og varige driftsmidlar, og normalt ikkje over 25% av kapitaltrongen. I dette tilfelle meiner ein at det rettaste er å sjå på dette tiltaket som produktutvikling og legge til grunn støtte knytt til bedriftsutvikling – støtte/tilskot med inntil kr. 40.000,- gjennom kraftfondet.

### Konklusjon

Det vert gitt tilskot til vidareutvikling av tilbod ved Sandnesskafen v/ny drivar Berit Lygre med inntil kr. 40.000 gjennom kraftfondet. Tilskotet vert utmålt ved at dokumenterte kostnader til bygg og innkjøp på kr. 200.000 eller meir gir fullt tilskot, dokumenterte kostnader under 200.000 gir grunnlag for forholdsmessig nedjustert tilskot.

### Kraftfondsstyret - 007/2016

### KRFT - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Drivar av Sandneskafeen Berit Lygre og dagleg leiar i GMU Solveig Kristiansen møtte til denne saka og orientert om grunnlaget for søknaden.

Møtet vart heva og kraftfondstyret gjennomførte synfaring på Sandeskafeen.

Møtet vart sett og ordførar Karstein Totland (H) sa seg inhabil i saka sidan han er aksjeeigar i Sandneskafeen. Totland vart samrøystes vedteken inhabil og forlot møtet. Varaordførar Torill Torsvik Størkersen (Ap) overtok som møteleiar.

Saka vart drøfta.

Kraftfondstyret samla seg om følgjande tillegg til framlegg til vedtak:

Tilskotet vert utbetalt når det er etablert eige selskap.

Framlegg til vedtak med tillegget som vart jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

**KRFT - vedtak:**

Berit Lygre får tilskot med inntil kr. 40.000 gjennom kraftfondet til omsøkte prosjekt som inneber vidareutvikling av tilbodet ved Sandnesskafen. Tilskotet vert utbetalt når det er etablert eige selskap.